



Årsplan for Snøkrystallen småbarnehage



Spor, kjøretøy
2010-2011



Årsplan for barnehageåret 2010-2011

Her kjem årsplanen for Snøkrystallen småbarnehage for barnehageåret 2010-2011

I årsplanen vil ein finne faste aktivitetar og dagar som er viktige i løpet av året og med små tips for kvar månad. Det er viktig at ein les og sett seg inn i årsplanen for barnehageåret og at ein les treårsplanen til småbarnehagen.

Snøkrystallen småbarnehage er fortsatt ein ny barnehage. Vi starta i januar 2007 som familiebarnehage, men dette vert berre det andre året vi driv som ordinær privat barnehage.

Vi ser at vi begynner å finne vår plass i barnehagekvardagen. Vi kjenner kva som fungerer med, og kva som er flott å gjere i lag med 0-3 år. Vi ser kva vi er gode på, og vi prøver til ei kvar tid å forbetre det vi ikkje er så gode på.

Vi har som mål at vi skal sjå ditt vesle barn som heilt spesielt og ta vare på det som vårt eige. Vi skal gje det opplevingar og sette gode spor i livet til barnet. Slik alle dei små set spor i dei vaksne sine liv. Barna set spor i barnehagen og på korleis barnehagen skal bli.

Ønske vårt er å sjå kvart enkelt barn som unikt og jobbe for å få ein barnehage som gjenspeilar namnet vårt. Unike barn i ein unik barnehage. Der ingen er like nett som snøkrystallen i naturen, unik, skjør og fin. Vi skal vere liten og trygg for små barn, vi skal vere eit så lite miljø at foreldre føler dei kjenner oss og er trygge på å gå frå sine barn hos oss.

Snøkrystallen småbarnehage

Holane 12, 6770 Nordfjordeid

Tlf 473 95 464

www.snokrystallen.barnehageside.no

snokrystallen@gmail.com

Nordfjordeid 12. september 2010

Mari Henden Nilsen og Karina Kjørstad



Opningstider

Barnehagen er open alle kvardagar mellom 06.45-17.00.

Vi vil ha hovudvekta av personalet frå 07.30-16.30. Det betyr at ein opnar berre tidlig om behovet er der, same gjeld ved stenging.

Barnehagen er stengt mellom jul og nyttår.

Vidare er barnehagen stengt tre veker på sommaren.

Feriestenging for 2011 vert vekene 29, 30 og 31.

Dette vart bestemt på barnehagemøte for foreldra den 09.09.2010

Planleggingsdagar

Desse dagane er barnehagen stengt:

- 16. august 2010
- 11. og 12. oktober 2010,
- 03. januar 2011
- 03. juni 2011.

Desse 5 dagane er sett av til kompetanse og kvalitetsheving for personalet. Personalet har kurs og planleggingsarbeid desse dagane.

Siste dag i barnehageåret er 14. august 2011.

Besøk oss på Internett

www.snokrystallen.barnehageside.no

Passord får ein i barnehagen.

Barnehagen har også eiga side under nettsamfunnet Facebook.

E-post: snokrystallen@gmail.com

Barnehageplassar

Samansetning av barnegruppa vert gjort om våren, ved opptak til nytt barnehageår i kommunen. Ved oppstart av dette barnehageåret har vi til saman 11 barn fordelt på 10 plassar i alderen 0-2,5 år.

Barnehagen har full barnegruppe for barnehageåret 2010-2011-

Forsikring

Kvart barn er forsikra 24 timar i døgnet så lenge barnet har plass i Snøkrystallen småbarnehage. Avtalen er gjennom Private barnehagers landsforbund.



Personalet

Styrar: Karina Kjørstad i 100 % stilling, ein kontordag.

Pedagogisk leiar: Mari Henden Nilsen i 100 % stilling, ein dag til planlegging. *Mari er i permisjon fram til januar 2011, då kjem ho tilbake i redusert stilling.*

Assistent: Linda Hjelle i om lag 80 % stilling.

Assistent: Silje Instanes Bakke i om lag 60 % stilling. Silje er i permisjon fram til januar 2011, da kjem ho tilbake i 40% stilling.

Fagarbeidar: Else Bjørlo i om lag 80% stilling. Else er vikar for dei som er i permisjon for barnehageåret 2010-2011

Vikarar: Janne Yri, Silje Myklebust og Cathrine Sølvberg

Alle som jobbar i barnehagen har teieplikt, ein har likevel opplysningsplikt ovanfor barnevernet når ein har mistanke om at barnet er utsatt for omsorgssvikt eller mishandling. Eller dersom bar

Personalet går vakter. Barnehagen kan kome til å ta imot skuleelevar og praksisplassar utover året.

Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet sine oppgåver er å vere rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ. Utvalet skal arbeide for eit godt barnehagemiljø for barn, foreldre og personale. Ein skal arbeide for å fremme kontakt mellom barnehagen og lokalsamfunnet. Samarbeidsutvalet skal fastsetje årsplanen i barnehagen.

Representant i samarbeidsutvalet dette barnehageåret: Alexander Andersen, Silje Instanes Bakke og Karina Kjørstad. Mari Henden Nilsen stiller som sekretær. Samarbeidsutvalet har møte kvart år.

Foreldrerådsrepresentant

Alexander Andersen vart valt til foreldrerrepresentant for barnehageåret 2010-2011. Det vert kalla inn til foreldrerådsmøte viss det dukkar opp saker som skal takast opp.

Er det ting ein ønskjer å ta opp med foreldreråds representanten, når ein Alexander på mob. 473 93 998.


Alle foreldra er medlem av foreldrerådet. Oppgåver for foreldrerådet er:

- ✓ Fremme felles interesser.
- ✓ vere med å skape eit godt barnehagemiljø.
- ✓ Styrke samarbeid mellom barnehage og foreldregruppa.

Vi sender ut ein brukarundersøking i løpet av barnehageåret slik at vi kan få evaluert arbeidet vi gjer i barnehagen i samarbeid med foreldra.

Barnegruppa 2010-2011

- ❖ 01.2008.
- ❖ 02.2008.
- ❖ 06.2008
- ❖ 06.2008.
- ❖ 10.2008.
- ❖ 05.2009
- ❖ 05.2009.
- ❖ 05. 2009
- ❖ 06.2009
- ❖ 11.2009
- ❖ 04.2010



Månad for måned i barnehageåret.



Spor, er satsingsområdet vårt dei neste tre åra. Rammeplan for barnehage med sine 7 fagområde vil ligge som grunnstein for satsinga på spor. For dette barnehageåret har vi tenkt å sjå litt nærare på kjøretøy i forhold til spor. Kva ulike kjøretøy som finst, og kva ulike arbeidsoppgåver dei har. Kjøretøy finn ein i mange farga, ulike storleikar og til ulike årstider. Sjølv om vi ser litt nærare på kjøretøy vil årstider, tradisjonar i barnehagen og høgtider også vere med i barnehageåret.



August 2010

Denne månaden skal vi jobbe med tilvenning. Personalet skal bli kjent med nye barn. Foreldre og barn skal bli kjent med barnehagen, og barna skal bli kjent med nye venner.

Vi er mykje ute og leikar i hagen vår. Elles går vi små turar i nærmiljøet, til skogen, fotballbana og gatene rundt oss.

September 2010

Vi blir kjent med nærmiljøet til barnehagen, med små turar og utflukter. Vi vert kjend med familien, og vi ser på kva personbilar både barn og vaksne i barnehagen brukar eller har. Rundt den 1. september og 20. september vert det matlaging i barnehagen. Sjå oppslag i gangen for nærare informasjon. Vi skal lage litt spor, blant anna spor av haust. Vi håpar du som forelder vil lage familiehuset. Der kvart barn skal lage eit hus med familiemedlemene og eventuelt husdyr/bilen/venner/slektningar som står barnet nær.

09. september vert det foreldremøte med informasjon om barnehagen, årsplan og liknande. Vi lagar avtale på feriestenging i 2010. Val av foreldrerådsrepresentant.

21. september tar vi ein tur til Hennebygda for å plukke eple og kose oss med mat og tur ute.

Oktober 2010

Vi ser på traktor og spor av haust. Også denne månaden vert det matlaging rundt en 1. oktober og 20. oktober. Sjå oppslag i gangen for nærare informasjon.

Vi ser på hausten og ser etter spor av hausten ute. Vi hentar inn natur- materiale til å lage julepynt og går små turar. Silje Bakke har mange dyr og traktor vi kan helse på, så eit besøk dit må vi få til. Nokre av toåringane skal på biblioteket og låne bøker.

11. og 12. oktober er barnehagen stengt. Det er kurs og planleggingsdag for personalet. Veke 41 er haustferie for skulane.

14. oktober er Refleksens dag.

I **veke 42** startar vi med brannøving og trenar på dette heile veka.

24. oktober er FN dagen.

31. oktober er Renate 2 år! Hurra! Vi stiller klokka til vintertid.



November 2010

I november blir hovudfokus på kunst og musikk, av kjøretøy ser vi på brøytebil og strøbil. I november vert det matlaging i starten av månaden. På slutten av november lagar vi noko vi treng til adventskaffien i desember. Denne månaden begynner vi å forberede hemmelegheiter til jul!

Nokre av toåringane skal på biblioteket å levere bøker og låne cdar. Elles forbereder vi oss til jul, og øver på adventsongar og julesongar.

Ta med godt med skiftklede, varmt tøy og vottar. Gode luer som tåler vind og ikkje skilir ned i auga.

Pass på at barna har store nok sko, og støvlar som er store nok til ein varm sokk. Då må støvelen vere vid nok i leggen og...

6. november er William 1 år! Gratulerer!

14. november er farsdag.

28. november er første søndag i advent.

Desember 2010

I tillegg til advent vil vi sjå på spor frå tidligare tider, hest og slede!

I desember kjem alle barna til ein lilla barnehage. På pute-rommet kjem blåfjell tilbake. Vi kosar oss med rolege dagar i adventstida, litt pepperkaker, rosiner og appelsinar blir det nok. Vi trekk adventskalender og teller ned til jul. Vi øver på julesongar.

07. desember blir det adventskaffi i barnehagen. Er det fint vær blir kaffien ute!

15. desember (trur vi) Barnehagegudsteneste med alle barnehagane i kommunen.

20. desember har vi nissefest, er det køyrbart føre skal festen vere i lada hos Silje.

21. desember er siste dag for skulelevane.

Siste dag før jul er 23. desember.

Vi ønskjer alle God Jul og godt nytt år!



Januar 2011



Vi vil ha fokus på spor av vinter, spor i snø, spark, aking og at sola er tilbake i barnehagen. Vi lagar solbollar til sola kjem tilbake i barnehagen rundt den 20. lagar vi litt mat i barnehagen. Vi håpar på snø så vi kan lage spor i snø, lage snømenn, snødyr, måle på snø og lage snølykter. Er det fint vær, kjem sola tidlig tilbake til Snøkrystallen. Vi feirar sol og lysare tider så snart vi ser sola. Solbollar og gul saft høyrer med.☺

Silje Bakke og Mari kjem tilbake i reduserte stillingar.

03. januar er planleggingsdag.

4. januar vert første dag etter nyttår.

11. januar er Oline 3 år! Gratulerer.

Dersom svanene kjem til Bjørlo i år og, tar vi oss ein tur og matar dei. Her må det vere køyrbart føre for å få det til.

Husk å ta med tilbake klede etter juleferien. Husk å merke klede som er nye. Sjekk at strikken på dress og regnbukse er i orden. Sko må vere store nok, elles blir barna kalde!

Februar 2011

Vi ser på eit tydelig dyrespor, og det er tiss, bæsj og fotavtrykk. Også i februar lagar vi litt mat rundt den 1. og 20. februar. Sjå i gangen på oppslag! Vi håpar på snø og sol, så vi kan ake og leike ute. På våte kalde dagar brukar vi tida til ulike sporprosjekt med måling, lim, foto og ulike papirmateriale.


13. februar er Morsdag.

14. februar er alle hjerters dag

18. februar er Torgrim 3 år ! Gratulerer.

I veke 8 er det vinterferie for skulane.

Husk å ha med fleire par med vottar. Varmt tøy er viktig både til å ha under dress og regnklede men og til å sove i.



Mars 2011

No ser vi på spor av våren som kjem og små kjøretøy som ATV og motorsykkel. Maten vert laga rundt den 1. og 20. mars. Vi ser på nytt liv og syng vårsongar.

No er tida for å nyte dagane både ute og inne i barnehagen, alt etter vær og temperatur.

27. mars stiller vi klokka til sommartid.

Kanskje ver det ein dag for ro og velvære for dei små? Den som ventar får sjå.

Det er tid for å tenke på tynne dressar og lettare luer ute.

April 2011

Våren kjem for fult. Vi ser på uttrykingskjøretøy! Vi bakar litt til påskelunsjen vi skal ha no i april. Elles lagar vi god lunsj med egg og anna godt pålegg den 14. april.

Vårturar for å sjå på nytt liv med lam, og blomster.

Tur til Hennebygda eller på besøk til Silje.

01. april er Amalie 1 år! Hurra!

14. april er det påskelunsj for barnegruppa, vi kosar oss med smørjemåltid

15. april er det restefest etter påskelunsjen

Påmelding til dagane i påskeveka: 18. og 19. april. 20 april er høve for dag fram til kl 12.00

Det er lurt å finne fram tynnare luer og lettare dressar. Sjå over om kleda er merka og sjekk at kleda passar.



Mai 2011

Nasjonaldagen med flagg, sanger og pynt er hovudfokus i tillegg til båtar og fergje! Vi har mat til vårfesten denne månaden og tek med mat på tur. Dato kjem vi tilbake til. Vi planlegg å ta grupper med barn med til Osvika eller båthamna.



I mai syng vi 17. mai sanger. Vi lagar 17. mai pynt og brukar tida mykje ute. Mange er så store at vi kan ete mat i skogen og ta med matpakke på tur.

4. mai er Emma 2 år. Gratulerer!

12. mai reknar vi med det blir barnehagetog for alle barnehagane i kommunen. Da blir det vårfest med pølser og saft etter toget.

19. mai er Tuva 2 år! Hurra!

26. mai er Helene er 2 år! Gratulerer.

Sommarhatt er lurt å ha og lette sommarklede, sandalar eller lette sko.

Juni 2011

Vi jobbar for å bli klar til sommarfesten! Og ser på to og trehjuls sykkel, trillebår, vogner og dukkevogner! Dette er den store turmånaden, og ein del turar med mat vert det. Av den grunn sett vi ikkje opp noko fast dag for matlaging i barnehagen. I juni har vi sommarfest for barn og foreldre. Dei som er store og skal over i større barnehagar får utdelt permane sine med minner, foto, helsing og alt dei har laga i barnehagen. Tradisjonen tru blir det kunstutstilling i heile barnehagen både ute og inne.

02. juni er kristi himmelfartsdag

03. juni er planleggingsdag. Barnehagen er stengt.

09. juni er Emilia Angelica 3 år. Gratulerer!

12. juni er Emma Olivia 2år. Gratulerer!

13. juni er 2. pinsdag

17. juni er siste dag for barneskulane

Turdag til eid sentrum, med henting ved Hærmuseum frå kl 15 og utover. Dato kjem vi tilbake til.

30. juni er Kaila 3 år! Gratulerer.



Juli 2011

Det er sommar og ferietid, vi vaskar, ryddar og kosar oss med turar og utflukter og late sommardagar.

Barnehagen er stengt tre veker i juli. **I år er det stengt i veke 29, 30 og 31.** vekene er bestemt på foreldremøte den 09. september 2010.

Vi går små turar til skogen.

Vi besøker barnehagane som dei store barna skal begynne i.



Vi ønskjer alle ein god sommar!

August 2011

Den første veka etter ferien blir det litt nye barn, nokre som skal slutte og andre som skal fortsette. Vi kosar oss tilbake i barnehagen etter ferien. Prøver å komme i gjenge igjen og bli kjent med nye og gamle rutinar.

12. august blir siste dag i barnehageåret.

15. august er truleg planleggingsdag.

16. august startar nytt barnehageår.

No begynner nye barn. Barn som har endra plass prosent, begynner med dette frå no av.

*Vi takkar for eit fint barnehageår, og ønskjer alle treåringane
lykke til i ny barnehage!*